

Referat årsmøte Varden velforening 7. april 2023

Sakliste:

1. Val av møteleiar. Nils Midjo vart valt til møteleiar, Kari Kaardal referent og Erik Bø og Frode Myklebust signerar årsmøteprotokoll. Sak 1 vart godkjent.
2. Godkjenning av innkalling. Innkalling vart sendt ut 24.mars. Sak 2 vart godkjent.
3. Godkjenning av styrets beretning. Nils la fram styret sitt arbeid dette året. Under punktet feiing fekk me ein god gjennomgang. Dei som har nytta seg av tilbodet er nøgde. Ein kan ta direkte kontakt med feiaren. Det ligg også feieutstyr i vatnhuset. Alle bør sjekka brannsløkkingsapparata og brannvarslarane sine.
Under punktet «bruk av bommen», kom det fram ulike syn på at bommen hadde stått open. Styret tok ei avgjer om at bommen kunne stå open nokre dagar i påska. Dette som ei praktisk ordning då mange skal inn og ut frå parkeringsplassen. Eit syn var at bommen skal vere nede så lengje han er i orden. Styret vil sjå på rutinane for bommen og kven som har ansvar om bommen står open.
Styret vil sjå på ynskje om klårare rettleiing i vellet med omsyn til å halde av plassar på P-plass.
Når det gjeld brøyting vart det lagt fram litt misnøye. Nils orienterte om avtalen slik den er i dag. Brøyting til helgane på fredagar, til jul og til påske. Mange kjem på hyttene sine på torsdag og ynskjer at plassen er brøyt på torsdag. Ynskje om å vera meir konkret når det skal brøytast. Styret vil sjå på brøyting av P-plass innafor avtale. Sak 3 vart godkjent.
4. Godkjenning av rekneskap og revisorberetning. Harald Mo gjekk i gjennom rekneskap og budsjett for 2023 og 2024 (vedlegg C). Revisorberetning vart godkjent.
5. Godkjenning av budsjett for 2023. Budsjett for 2023 vart godkjent.
6. Godkjenning av kontingent for 2024, Kontingenten for 2024 (vedlegg D) vart godkjent.
7. Innmeldte saker. Det vert påskeskirenn (vedlegg E).
8. Val av leiar, styremedlemmar, revisor og valkomité: Per Vold la fram valkomiteens innstilling (Vedlegg F). Gjenvalte er Nils Midjo (leiar), Harald Mo, Geir Fredheim, Oddvar Fimreite (Revisor). Nyvalte i styret er Erik Bøe og Torill Nedberge Klevmark. Ny valkomité er Wenche Hunderi, Einar Amlie Karlsen og Ivar Lien.

Sign.

Frode Myklebust

Sign.

Erik Bøe